

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 24.09.2013
Møtetid: 09:30
Stad: Furuhaugane omsorgssenter
Møtenr.: 10/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen i sakene 067-070/13. Forvaltningsrevisor i sak 066/13

Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95 139 762 eller på e-postadresse: vidar.ovrebo@sekom.no.

SAKLISTE

- 064/13 Godkjenning innkalling og sakliste
- 065/13 Skriv og meldingar.
- 066/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – sakshandsaming, vedtak og svargjeving – Tinging.
- 067/13 Orientering om status i arbeidet med utrekning av tilskot til private barnehagar.
- 068/13 Orientering om konkurranseutsetting av renovasjonstenestene.
- 069/13 Orientering om brev frå Jacob Nødseth, leiar i klagenemda.
- 070/13 Orientering om og omvising i Furuhaugane omsorgssenter.
- 071/13 Budsjett for drift av kontrollutvalet.
- 072/13 Oppfølgingsliste 8-2013 – Førde.
- 073/13 Eventuelt

Flora, 17.09.2013.

Bjarne Holme (s)
Leiar


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 Vø 57 61 27 86 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

064/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.09.2013	064/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

065/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø: SEKOM- sekretariat
Dato: 17.09.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.09.2013	065/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 46-13: Innkalling til møte 2 – 2013 - Representantskapsmøte for Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, 4. oktober 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



ALARMSENTRALEN

SOGN OG FJORDANE

Brannmelding 110

Florø, 12.04.2013

Til

Representantskapen for Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Innkalling til møte 02 - 2013.

Dato : Fredag 4 oktober.

Møtestad : Skei Hotell

Tid : 10:00 – 14:00

Saker til handsaming :

05 – 2013 Budsjett 2014 med økonomiplan -2017

06 - 2013 Ymse.

Vedlegg:

1 – Budsjett med økonomiplan

2 – Note til budsjett

3 – Kostnadsoversikt 2014

4 – Renter og avdrag

5 – Avskrivning.

Olav Lunden (S)

Leiar representantskapen



ALARMSENTRALEN

SOGN OG FJORDANE

Brannmelding 110

04 – 2013 Budsjett 2014 med økonomiplan -2017 (styresak 05-2013)

Saksutgreiing

Det er vedlagt forslag til budsjett for 2014 med note og økonomiplan 2014 - 2017.

Det er ein vesentleg auke i budsjett samanlikna med tidlegare år. Grunn for dette er i hovudsak innføring av nødnett og kostnaden kring dette. 110 sentralen skal leie innføringa av nødnett i Sogn og Fjordane for brannvesena. Dette startar med prosjektleiarutdanning sept.2013 som går parallelt med innføringa. I 2014 skal alle operatørane ved sentralen til Stavern i 2 periodar på totalt 3 veker. Alle kommunane skal i løpet av 2014 innoom sentralen med minimum 2 personar som skal ha opplæring som superbrukarar. Disse skal igjen gi lokal opplæring i sine respektive kommunar til alt mannskap.

I 2014 er hovud årsak til auka budsjett kurs og opplæring. Når det gjeld økonomiplan for 2015 osv. vil ein truleg få tilsvarande auke grunna nye lisensar i samband med nødnett. Kostnad kring lisensane og den nye driftsorganisasjonen for brannvesena er ikkje ferdig diskutert. Men, signala som er kome ut er at vi kan rekne med ein auke på sentralen rundt 1 mill. dvs, tilnærma det som blir nytta i 2014 til i samband med innføringa av nødnett.

Det blei på representantskapsmøte 4 oktober 2011 satt følgjande merknad til budsjettvedtak:

Merknad: Framlagt økonomiplan skal for ettertida på alle postar følgje faste kroner for det året budsjett blir framlagt.

Med bakgrunn i vedtak frå representantskapen har eg valt å berre endre på dei postane i økonomiplanen som allereie er fastsett, eller som har vesentlege endringar.

Dagens lån vil alle vere nedbetalt innan 2018.

Pårekne nye investeringar før den tid. Dette er nytt mottak for automatiske alarmar. Dette trur vi kjem i 2016. Kva som skjer innan tryggleiksalarmar i samband med avvikling av det analoge bakkenettet har vi endå ikkje fått oversikt over frå Telenor.

Vedtak i styret:

Budsjett for 2014 med økonomiplan til 2017 godkjennast av styret og sendast vidare til representantskapen for endeleg godkjenning.

Vedtak i representantskapen:



ALARMSENTRALEN

SOGN OG FJORDANE

Brannmelding 110

05 - 2013 Ymse (styresak 06-2013)

Saker leiar ønskjer å diskutere/informere:

- a) Godkjenning av selskapsavtale.
- b) Bruk av UMS til varsling av andre ressursar.
- c) DSB og redusering av talet på 110 sentralar.
- d) Arbeid med innføring av nødnettet.

066/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SAKSHANDSAMING, VEDTAK OG SVARGJEVING - TINGING

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.09.2013	043/10	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Forslag til tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Dokumentet Overordna analyse Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012 - 2015 Flora kommune.
- Plan for forvaltningsrevisjon for Flora kommune 2012 – 2015.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001
- Sak 060/13 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt - Flora

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Tinginga for prosjektet ”Sakshandsaming, vedtak og svargjeving” vert godkjent.
2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.
3. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SAKSHANDSAMING, VEDTAK OG SVARGJEVING – TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Sakshandsaming, vedtak og svargjeving”.

Saksopplysningar:

Det vart i 2012 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet fekk presentert overordna analyse av KRYSS-revisjon i møte 01.03.2013 i sak 009/13 «Overordna analyse – Flora kommune». På grunnlag av denne analysen utarbeidde kontrollutvalet i sak 017/13 ei tilråding til bystyret. Flora bystyre fatta 18.06.2013 vedtak i saka. Vedtaket var i samsvar med tilrådinga:

Kontrollutvalet i Flora har no ikkje inne tinging om forvaltningsrevisjonsprosjekt. Kontrollutvalet må derfor velje nytt prosjekt, slik at det vert gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

I planen for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 er det gjort følgjande prioritering av prosjekt:

- 1. Innkjøpsrutinar. Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Flora kommune er delaktig i.**
- 2. Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.**
- 3. Vurdering IKT-samarbeid.**
- 4. Vurder bemanning og ressursbruken på ulike tenesteområde.**

I sak 060/13 «Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt – Flora» den 30.08.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet "Sakshandsaming, vedtak og svargjeving", med fokus på open omsorg.*
- *SEKOM-sekretariat får i oppgåve å utforme tinging av prosjektet til neste møte i kontrollutvalet.*

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Utkastet ligg ved. Tilsvarande utkast til tingingsdokument har vore diskutert i møte med KRYSS-revisjon. Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KRYSS-revisjon, som vil operasjonalisere og gjø tilbakemelding på tinginga. KRYSS-revisjon vil bli kalla inn til møtet for å diskutere prosjektet.

SEKOM-sekretariat har også utarbeidd ein mal som vi ynskjer å nytte når vi tingar oppdrag. Sjå tingingsdokumentet.

Vidare ser vi føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS.
- Levering av prosjekt KRYSS til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i Bystyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 FØRDE

Florø 24.09.2013

FORSLAG: TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT "SAKSHANDSAMING, VEDTAK OG SVARGJEVING" FLORA KOMMUNE

Prosjektnamn

«Sakshandsaming, vedtak og svargjeving» i Flora kommune

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I kontrollutvalsmøte 19.03.2013 i sak 017/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015 gjorde kontrollutvalet tilråding til bystyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I bystyremøte 18.06.2013 i sak Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015 godkjente bystyret planen.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Flora kommune ynskjer å få kjennskap til om sakshandsaming, vedtak og svargjeving i Flora kommune er i samsvarar med gjeldande regelverk.

Avgrensing av undersøkinga

Kontrollen skal avgrensast til å gjelde open omsorg i Flora kommune i år 2013 og 2014

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- Etterlever Flora kommune regelverket for sakshandsaming, innhald i vedtak og overhald kommunen svarfristar etter gjeldande lover og reglar for Flora kommune.

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.
Forvaltningslova
Arkivplan Flora kommune

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 VØ 57 61 27 86 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Overordnaanalyse 2012 – 2016.
Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016.
RSK001.

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingsingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 1. november 2014.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 066/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sakshandsaming, vedtak og svargjeving», den 24. september 2013

Bjarne Holme
-kontrollutvalsleiar-

Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 VØ 57 61 27 86 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

067/13 ORIENTERING OM STATUS I ARBEIDET MED UTREKNING AV TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	24.09.2013	067/13	-	Ja
Formannskap		-	-	Nei
Bystyre		-	-	Nei

Saksvedlegg.

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Flora kommune – Orientering – Status i arbeidet med utrekning av tilskot til private barnehagar, den 04.09.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Brev frå Furhaugane barnehage til Flora kommune, datert 31.10.2012 der barnehagen etterlyser endeleg vedtak om kommunalt tilskot for 2011 og 2012.
- Brev frå Furuhaugane barnehage til Flora kommune v/barnehagemyndigheit, datert 21.12.2012 der barnehagen klagar på manglande vedtak frå Flora kommune om kommunalt tilskot.
- Brev frå Fylkesmannen til Flora kommune datert 09.01.2013, der Fylkesmannen viser til breva frå Furuhaugane barnehage til Flora kommune, og ber kommunen snarast gjere greie for kva status er for vedtaka som blir etterspurde.
- Brev frå Flora kommune til Furuhaugane barnehage – Gjeld kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage, datert 21.03.2013.
- Brev frå SEKOM-sekretariat til Flora kommune – Tilskot til private barnehagar, datert 23.04.2013.
- Kontrollutvalsak 002/13, 030/13, 053/13 .

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING OM STATUS I ARBEIDET MED UTREKNING AV TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen er kalla inn for å orientere om status i arbeidet med utrekning av tilskot til private barnehagar.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har ved fleire høve spurd Flora kommune etter status i arbeidet med utrekningane av tilskot til dei private barnahagane.

21.03.2013 har Flora kommune skrive til Furuhaugane barnehage med kopi til Fylkesmannen og kontrollutvalet. Av brevet går det fram at Flora kommune håpar å ha klare utrekningane for tilskot, slik at endeleg vedtak om tilskot for 2011 og 2012, og førebels tilskot for 2013 kan gjerast i første halvdel av april 2013.

Med bakgrunn i det nemnde brevet gjorde i kontrollutvalet i møte den 30.08.2013 i sak 053/13 «Skriv og meldingar» følgjande vedtak:

- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet med utrekningane av tilskot til dei private barnehagane.

Rådmannen er orientert om vedtaket i brev «Orientering – Status i arbeidet med utrekning av tilskot til private barnehagar, den 04.09.2013.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune

Førde, 04.09.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 408/13

Arkiv: Flora

ORIENTERING - STATUS I ARBEIDET MED UTRKNING AV TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR

Kontrollutvalet gjorde i kontrollutvalsmøte 30.08.2013 i sak 053/13 «Skriv og meldingar» følgjande vedtak:

- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet med utrekningane av tilskot til dei private barnehagane.

- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet med utrekningane av tilskot til dei private barnehagane.

Rådmannen vert kalla inn til møtet i kontrollutvalet 24.09.2013.

For kontrollutvalet

Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 VØ 57 61 27 86 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

068/13 ORIENTERING OM KONKURRANSEUTSETTING AV RENOVASJONSTENESTENE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.09.2013	067/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Flora kommune – «Orientering om konkurranseutsetting av renovasjonstenestene», datert 04.09.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 062/13

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING OM KONKURRANSEUTSETTING AV RENOVASJONSTENESTENE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om konkurranseutsetting av renovasjonstenestene.

Saksopplysningar:

- I Kontrollutvalssak 062/13 «Eventuelt» i kontrollutvalsmøte 30.08.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak.
- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om konkurranseutsetting av renovasjonstenestene i Flora kommune.*

Rådmannen er orientert om vedtaket i brev 04.09.2013

Rådmanne er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune

Førde, 04.09.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 407/13

Arkiv: Flora

ORIENTERING OM KONKURRANSEUTSETTING AV RENOVASJONSTENESTENE

Kontrollutvalet gjorde i kontrollutvalsmøte 30.08.2013 i sak 062/13 «Eventuelt», bl. a. følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om konkurranseutsetting av renovasjonstenestene i Flora kommune,*

Vi ber etter dette om at rådmannen førebur ei kort orientering om konkurranseutsetting av desse tenestene i Flora kommune til neste møte.

Rådmannen vert kalla inn til møtet i kontrollutvalet 24.09.2013.

For kontrollutvalet


Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 VØ 57 61 27 86 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

069/13 ORIENTERING OM BREV FRÅ JACOB NØDSETH, LEIAR I KLAGENEMDA

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.09.2013	067/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Flora kommune – «Orientering om brev frå Jacob Nødseth, leiar i klagenemda i Flora kommune», datert 04.09.2013.
- Brev frå Jacob Nødseth til Flora kommune – Gjeld skriv frå kommunalsjef Stavø til klagenemda «Møte med klagenemda – ny handsaming», 27. juni 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 053/13 «Skriv og meldingar»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING OM BREV FRÅ JACOB NØDSETH, LEIAR I KLAGENEMDA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om brev frå Jacob Nødseth til Flora kommune - Gjeld skriv frå kommunalsjef Stavø til klagenemda «Møte med klagenemda – ny handsaming», 27. Juni 2013.

Saksopplysningar:

I Kontrollutvalssak 053/13 «Skriv og meldingar» i kontrollutvalsmøte 30.08.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak.

Ad SM 45-13:

- Kontrollutvalet diskuterte det vedlagte brevet.*
- Kontrollutvalet avventar vedtak i klageutvalet.*
- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om saka i neste kontrollutvalsmøte.*

Kontrollutvalet diskuterte SM 45-13: Brev frå Jacob Nødseth til Flora kommune - Gjeld skriv frå kommunalsjef Stavø til klagenemda «Møte med klagenemda – ny handsaming», 27. Juni 2013.

Kontrollutvalet gjorde vedtak om å kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om brevet frå Jacob Nødseth.

Rådmannen er orientert om vedtaket i brev 04.09.2013

Rådmanne er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune

Førde, 04.09.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 409/13

Arkiv: Flora

ORIENTERING OM BREV FRÅ JACOB NØDSETH, LEIAR I KLAGENEMDA I FLORA KOMMUNE

Kontrollutvalet gjorde i kontrollutvalsmøte 30.08.2013 i sak 053/13 «Skriv og meldingar» følgjande vedtak:

Ad SM 45-13:

- Kontrollutvalet diskuterte det vedlagte brevet.
- Kontrollutvalet avventar vedtak i klageutvalet.
- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om saka i neste kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet diskuterte SM 45-13: Brev frå Jacob Nødseth til Flora kommune - Gjeld skriv frå kommunalsjef Stavø til klagenemda «Møte med klagenemda – ny handsaming», 27. Juni 2013. Kontrollutvalet gjorde vedtak om å kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om brevet frå Jacob Nødseth.

Brevet frå Jacob Nødseth er vedlagt.

Rådmannen vert kalla inn til møtet i kontrollutvalet 24.09.2013.

For kontrollutvalet


Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 VØ 57 61 27 86 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Jacob Nødseth, leiar i klagenemnda i Flora kommune
E-post: jacob.nodseth@gmail.com
Tlf: 4801 3162

Rådmannen i Flora kommune, v/ Terje Heggheim og Norunn Stavø
Kopi: sakshandsamar Sissel Nærø, klagenemnda i Flora kommune, kontrollutvalet v/ leiar,
ordførar og gruppeleiarane i Flora bystyre.

Florø 20.08.2013

Gjeld skriv frå kommunalsjef Stavø til klagenemnda «Møte med klagenemnda – ny handsaming», datert 27. juni 2013

Som leiar av klagenemnda ynskjer eg å presisere nokre feilaktige inntrykk av det prosessuelle knytt til sakshandsaming i klagenemnda i Flora kommune, som kan feste seg for den som les skrivet frå kommunalsjef Norunn Stavø av 27. juni 2013 til klagenemnda i Flora kommune, og som ikkje kjenner dei *faktiske forholda* i saka. Eg vurderer dei materielle sidene ved saka, saka sitt innhald, som unnateke offentlegheita av personvernomsyn. Saka vart også handsama for lukka dører i klagenemnda. Spørsmålet om det prosessuelle i saka er derimot ikkje unnateke offentlegheita.

Spørsmålet om saka var tilstrekkeleg opplyst før vedtak vart fatta:

Det vart halde to møte (27. 05. 13 og 14. 06. 13) for å handsame ei einskildsak i klagenemnda som gjeld ei statleg oppreisningsordning. Klagenemnda i kommunen er siste klageinstans. Bakgrunnen for at det vart halde to møte i klagenemnda om éi sak er at administrasjonen ikkje hadde sendt innkalling og saksdokument med høveleg frist til det første møtet. I saker som direkte gjeld einskildpersonar sine rettar gjer prinsippa for forsvarleg sakshandsaming seg særleg gjeldande, og nemnda fatta difor avgjerd om sakshandsaming i to møte som nemnt.

Det vart i begge møta gjeve ei grundig orientering frå kommunen sin juristutdanna sakshandsamar Sissel Nærø. Dette fordi ikkje alle som møtte i klagenemnda hadde hatt høve til å møte opp på rådhuset og lese absolutt alle tilhøyrande *bakomliggende* dokument i saka. Dette er alle dokument, smått og stort, som gjeld klienten sitt møte med Flora kommune over mange år. Langt frå alle dokumenta er relevante for saka. Alle i klagenemnda har derimot fått tilsendt ei vanleg saksframstilling frå administrasjonen. Såleis er det å møte på rådhuset og lese dei øvrige dokumenta, samt den særlege utgreiinga frå juristen eit *tillegg* til det som er vanleg (og presumptivt forsvarleg) sakshandsamingsprosedyre for politiske organ i Flora kommune. At juristen er tilstades i klagenemnda sine møte er forøvrig etter initiativ frå meg for å styrke sakshandsaminga i nemnda.

I det juristen og kommunalsjefen forlot møtet i klagenemnda 14. juni 2013 sa dei sjølve i plenum i møtet at dei opplevde at saka var tilstrekkeleg utgreidd og presentert i begge møta i nemnda og at deira deltaking såleis ikkje var nødvendig i det vidare.

Eg kan såleis ikkje sjå at «vedtaket er tatt på sviktande grunnlag» slik kommunalsjef Stavø skriv 27. juni 2013.

Administrasjonen forlot møtet frivillig:

I notatet til klagenemnda skriv kommunalsjef Stavø: «Kommunalsjef Stavø og jurist Nærø vart bedt om å forlate møtet i forkant av nemnda si drøfting og vurdering av saka. I følgje kommunelovas § 23, 3. punkt er dette feil. Administrasjonssjefen har møte- og talerett i alle kommunale organ (med unntak av kontrollutvalet).» Vidare skriv Stavø at «administrasjonen ikkje fikk vere til stades for å gi nødvendig faktisk og juridisk informasjon [...]»

For den som les dette kan det framstå som at administrasjonen nærast vart kasta på dør av klagenemnda og at dei heller ikkje fekk fremje sine synspunkt og vurderingar. Det er ikkje rett.

Under aller første møte i klagenemnda denne valperioden, i desember 2012, vart det fremja eit forslag frå nestleiar i nemnda om at administrasjonen etter å ha svart på spørsmål og sagt det dei ynskjer å seie, forlot møtet og lot nemnda vurdere saka aleine. Saka som då vart handsama var same type sak som den dette skrivet gjeld. Forøvrig hadde nemnda då også besøk av sekretariatsleiaren for oppreisningsordninga denne saka gjeld, også dette mitt initiativ for å gje nemnda nok informasjon om ordninga og slik fatte betre vedtak.

Som leiar bad eg då administrasjonen (den same Stavø og Nærø) om å gje si vurdering av forslaget frå nestleiar. Eg var klår på at om dei ynskja å vere tilstades i heile møtet så hadde eg som leiar ingen innvendingar mot dette. Administrasjonen hadde derimot ingen innvendingar mot forslaget frå nestleiar og nemnda fatta eit samrøystes vedtak om å drøfte saka og fatte vedtak utan at administrasjonen var tilstades, etter at dei hadde presentert saka og svart på spørsmål. Nemnda bad også administrasjonen, på forslag frå nemnda sin nestleiar, vurdere om slik sakshandsamingsprosedyre er i tråd med kommunelova sine føresegner (dei same føresegnene som Stavø viser til i sitt skriv av 27. juni 2013).

Resultatet av sakshandsaminga i desember 2012, materielt sett, var at to medlemmar av nemnda gjekk inn for å imøtekomme klagar, og tre gjekk i mot. Administrasjonen sitt forslag om å forkaste klagen fekk såleis fleirtal. Etter dette vedtaket vart ikkje sakshandsaminga problematisert av administrasjonen.

Når det same forslaget vart presentert av nestleiar 14. juni 2013 kunne framleis ikkje administrasjonen svare på kva som er det kommunalrettslege svaret på forslaget. Administrasjonen hadde ikkje undersøkt det nemnda bad dei om å undersøke. 14. juni 2013 vart det såleis gjennomført ein ny runde der nemnda igjen diskuterte forslaget.

Nemnda fatta eit samrøystes vedtak om at administrasjonen ikkje trong vere tilstades. Dette skjedde etter at kommunalsjef Norunn Stavø sa at ho opplevde at saka var tilstrekkeleg opplyst, at faktum var «gjennomdiskuter» og at ho «gjerne gjekk inn på kontoret og gjorde andre oppgåver». Jurist Nærø gjekk så langt som å **TILRÅ** at nemnda gjennomførte sine drøftingar og fatta vedtak utan at administrasjonen var tilstades.

Mi vurdering av rådmannen sin møte- og talerett i politiske utval er at det ikkje direkte gjeld ei plikt til å delta i møta, med mindre det politiske nivået ber om det. Dette så lenge saka er tilstrekkeleg opplyst. Om administrasjonen vel å berre delvis bruke sin «møte- og talerett» er dette noko administrasjonen må stå for sjølv. Sidan det her var absolutt semje mellom utvalet og administrasjonen om korleis møtet skulle avviklast, og administrasjonen faktisk deltok i møtet og svarte på spørsmål og gav oppklåringar så opplever eg at saka ikkje er handsama i strid med kommunelova sine føresegner om administrasjonssjefen sin «møte- og talerett» jamfør kommunelova § 23 nr 3.

Påstanden om at vedtak ikkje er skriftleg grunngjeve:

Jurist Nærø har gjort det klårt at det nemnda skal vurdere ikkje er ei juridisk fagleg vurdering av erstatningsomgrepet, men ei skjønsmessig vurdering av saka. Dette er også klagenemnda si rolle. I denne saka er klagenemnda siste instans.

Nemnda sitt fleirtal valde å gje erstatning heilt i tråd med det klagar har klagt på. Dette er ei skjønsmessig vurdering. Den er grunngjeve med at nemnda sitt fleirtal meiner at vilkåra for erstatning er innfridd.

Om nemnda hadde gjort som i desember, det vil seie *ikkje* gjeve klagar medhald, hadde dette skjerpa krava til tilstrekkeleg grunngjeving av vedtaket. Grunngjevingsplikta skal i hovudsak tene den saka gjeld, slik at vedtak kan prøvast seinare eventuelt rettsleg eller i eventuelle høgare klageinstansar i forvaltninga.

Såleis meiner eg vedtaket er tilstrekkeleg grunngjeve av nemnda sitt fleirtal. Også ein av dei som gjekk i mot forslaget som fekk fleirtal, gav i nemnda uttrykk for at vedtaket står seg, sjølv om vedkomande var usamd.

Avsluttande merknad:

Eg opplever det som ubehageleg å igjen oppleve at enkeltbyråkratar i administrasjonen framstiller møter mellom administrasjonen og politikarar på ein måte som i beste fall er sær unyansert og ufullstendig. Eg vil ikkje her spekulere i kvifor dette skjer, men eg vil gjere det klårt at eg meiner det er eit problem som det må takast tak i. Om nødvendig av bystyret.

Helsing



Jacob Nødseth
Klagenemnda sin leiar

070/13 ORIENTERING OM OG OMVISING FURUHAUGANE OMSORGSSENTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.09.2013	070/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune «Omvising og orientering Furuhaugane omsorgssenter», datert 04.09.13

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 026/13 «Val av eining for møtet»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek informasjonen om Furuhaugane omsorgssenter til vitande.
-

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Førde, 04.09.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 405/13

Arkiv: Flora

OMVISING OG ORIENTERING FURUHAUGANE OMSORGSSENTER

I kontrollutvalsak 026/13 «Val av eining for møte» valte kontrollutvalet å leggje kontrollutvalsmøte til Furuhaugane Omsorgssenter.

Møtet i kontrollutvalet 24.09.2013 vil såleis bli halde på Furuhaugane omsorgssenter. Møtestart vil vere kl. 09.30. Vi ber om at rådmannen førebur ei kort orientering om avdelinga, og at det vert lagt til rette for ei omvising for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har etter lova rett til all informasjon uavhengig av teieplikt Jfr. kml § 77 pkt. 7. Møta til kontrollutvalet går for opne dører.

Kontrollutvalet har tinga møterom ved Furuhaugane omsorgssenter denne dagen.

For kontrollutvalet i Flora kommune


Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 57 61 27 86	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

071/13 BUDSJETT 2014 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat

Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	24.09.2013	071/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Godtgjersleregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 6.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 72000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 8.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 21.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 5.000,-
Konto 11150 Matvarer	Kr. 4.000,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 116.000,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT 2014 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett 2014 for drift av kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten ”Drift av kontrollutvalet”, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Flora er satsar for godtgjersle vedteke i bystyresak 103/12 12.06.2012 og gjeld frå 01.05.2012. Satsane for møtegodtgjersle vert regulert årleg i samsvar med løna til stortingsrepresentantane. Løna til stortingsrepresentantar er pr. 01.05.2013 kr. 836579 Satsane for godtgjersle er som følgjer:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste:
 - Ulegitimert inntil kr. 1.200,- pr. dag.
 - Legitimert inntil kr. 4.600,- pr. dag.
- Møtegodtgjersle kontrollutvalsleiar: 3,0% årleg av ein stortingsrepresentant si godtgjersle.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet: 0,1% pr. møte ved møte. Dersom møtet varer mindre enn 1 time skal det utbetalast 50% av full møtegodtgjersle.
- Varamedlemmer pr. møte som faste medlemmer.

Flora kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Flora kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I FLORA KOMMUNE 2014

Reisekostnader	1000		
Køyregodtgjersle	5000		
Tapt arbeidsforteneste	20000	(5*1200 + 0*4600)	feriepenger
Møtegodtgjersle	52000	(8*4*0,1%*836579) +	(836579*3,0%)
Arbeidsgjeveravgift	8000	14,0% av møtegodtj. og tapt arb. for	(tal møter*sats*fpsats)
Kurs/seminar	21000		(tal møter * medlemmer*sats)+(leiar)
Kontingant FKT	5000		
Diverse	4000		
Samla budsjett	116000		



**GODTGJERSLEREGULATIV FOR OMBODS- OG TILLITSVALDE
I
FLORA KOMMUNE**

1. FELLESVEDTEKTER

1.1 Kven regulativet gjeld for

Godtgjersleregulativet gjeld for ombods- og tillitsvalde, faste representantar og møtande vararepresentantar for møte i kommunen sine egne organ som er oppretta med heimel i særlov eller i Kommuneleva §§ 25 og 26, kommunale føretak, andre heileigde aksjeselskap samt kommunal valte representantar til andre selskap og organisasjonar.

Regulativet kan fråvikast i tilfelle der det vert gjort unntak i særskild avtale, kollektive overeinskomstar, eller når det kjem i strid med ufråviklege lover og/eller føresegner.

1.2 Tolking og gyldigheit

Tvil om tolking av reglementet vert å legge fram for formannskapet for endeleg avgjerd.

Reglementet gjeld frå 1 mai 2012 og fram til ny justering vert gjort av bystyret.

Justeringar av godtgjersle til folkevalde vil følgje av den til ei kvar tid gjeldande årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Jfr vedtak bystyresak 124/11.

2. Faste godtgjersler

2.1 Ordførar

Godtgjersla utgjer 100% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på ordførarvervet etter lov og reglement.

Utbetaling: Månadleg i samband med lønsutbetalinga

2.2 Varaordførar

Varaordførar har 50% stilling med godtgjersle som utgjer høvesvis 85% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane.

Godtgjersla dekker alle gjeremål som følgje av vervet, arbeid i kortvarige vikariat for ordføraren, under fråvær og sjukdom, samt vikariat under ordføraren sin ferie.

Ved vikariat for ordføraren av lengre varigheit, må eventuelt godtgjersle til varaordførar fastsetjast av formannskapet i høve lengda på vikariatet. Godtgjersla skal dekke all møtegodtgjersle. Andre verv skal dekkast i tråd med pkt. 2.3, 2.4 og 2.5.

Utbetaling: Månadleg i samband med lønsutbetalinga

2.3 Formannskapsmedlemer - faste

Godtgjersla skal dekke alle formannskapsmøta i året.
Fråvær frå meir enn 1/3 av møta fører til ein reduksjon på 25%.
Godtgjersla skal utgjere 3% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane.

Utbetaling: Desember måned kvart år.

2.4 Leiar i faste utval, kommunale føretak og heileigde kommunale aksjeselskap

Godtgjersla skal dekke alle møter i utvalet i året. Som faste utval vert rekna:

- Hovudutval for helse og sosial
- Hovudutval for kultur og oppvekst
- Hovudutval for plan- og miljø
- Administrasjonsutvalet
- Kontrollutvalet
- Kommunale føretak
- Heileigde kommunale selskap

Godtgjersla skal utgjere 3% av den årlege basisgodtgjersla for stortingsrepresentantane og skal også dekke leiing/deltaking i faste utval som naturleg ligg under faste hovudutval. Som AMU og Utbyggingsutvalet.

Utbetaling: Desember måned kvart år.

2.5 Leiar i andre utval

Som andre utval vert rekna alle utval som er oppnemnde av folkevald kommunalt organ med heimel i kommunelova eller særlov.

Godtgjersla skal dekke alle møter i året og fastsetjast samstundes med nedsetjing av utvalet. Rettleiande sats for godtgjersle i perioden 2011 – 2015 skal utgjere 1,5% av den årlege basisgodtgjersla for stortingsrepresentantane.

Utbetaling: Desember måned kvart år.

2.6 Frikjøpte folkevalde

Ordførar og varaordførar vert å rekne som som frikjøpte folkevalde.

Andre folkevalde som er minst 50% frikjøpt vert i dette reglementet rekna som frikjøpte.

Desse vert omfatta av kommunen sitt reglement når det gjeld sjukeløn og velferdsordningar.

Godtgjersla til frikjøpte skal utbetalast som løn; det medfører opptening av feriepengar

2.7 Reduksjon i fast godtgjersle

For folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av dei møta utvalet har i løpet av kalenderåret skal den faste godtgjersla reduserast med 50%.

For folkevald som har tenestefri frå kommunevervet i minst 3 månader i samanheng skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

2.8 Fast godtgjersle til varamedlem

Varamedlem som deltek i minst 1/3 av utvalet sine møter skal ha minst 50% av den faste godtgjersla til den han er varamedlem for.

Varamedlem som deltek i minst 2/3 av møta skal ha full fast godtgjersle.

2.9 Fast godtgjersle til gruppeleiarar i Flora kommune

Gruppeleiarar i politiske parti i Flora kommune som er representert i Bystyret har rett på fylgjande fast godtgjersle:

Partiet sitt tal folkevalde i Bystyret	Fast godtgjersle
1 - 4	0,5%
5 - 9	1,0%
10 - 14	1,5%
15 - 19	2,0%
20 - 24	2,5%
25 - 35	3,0%

3. Møtegodtgjersle

3.1 Møtegodtgjersle

For medlemmer i folkevalde organ vert det utbetalt møtegodtgjersle. Godtgjersla vert utbetalt for kvar møtedag. Dersom møtet har varigheit mindre enn 1 time skal det utbetalast 50% av full møtegodtgjersle.

Satsane for møtegodtgjersle vert sett til 0,1% av den årlege

basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Jfr Bystyresak 124/11.

3.2 Fleire møter same dag

Dersom folkevalde møter i fleire møter same dag, har dei rett på møtegodtgjersle for kvart møte.

3.3 Telefonmøte

Ved telefonmøte i folkevalde organ skal møtegodtgjersla utbetalast med 50%.

3.4 Avgrensing og oppretting av nye utval

Ved oppretting av nye og andre utval, nemnder, plangrupper eller komitear skal formannskapet avgjere om det skal betalast godtgjersle og eventuelt fastsetje storleiken på godtgjersla.

Møte mellom administrative representantar og folkevald(e) i faste utval og underutval til desse utløyser ikkje møtegodtgjersle.

I kommunale føretak og heileigde aksjeselskap vert det ytt godtgjersle for tapt arbeidsinntekt i samband med arbeidsmøter med interne og eksterne dersom dette er vedteke i det føretaket det gjeld.

3.5 Interkommunale organ

Kommunen sine politisk valde representantar og møtande vararepresentantar i interkommunale organ/kommunal representant i andre selskap/organisasjonar vert tilstått møtegodtgjersle etter dette regulativet (som for andre utval) dersom det interkommunale organet/selskapet/organisasjonen ikkje har eige regulativ og sjølv dekker dette.

3.6 Kommunalt tilsette og organisasjonsvalde

Representantar og møtande vararepresentantar som er valde av organisasjonane får tilsvarande møtegodtgjersle dersom møta vert haldne utanom vedkommande si arbeidstid i kommunen.

4. TAPT ARBEIDSINNTEKT

4.1 Etter krav frå ombuds- og tillitsvalde vert det utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt som følgje av vervet etter slike satsar:

-	Legitimert	inntil kr	4.600	for kvar møtedag
-	Ulegitimert	inntil kr	1.200	for kvar møtedag

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gjeve etter satsen for ulegitimert tap. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Dette gjeld for alle møte der folkevalde vert kalla inn av Flora kommune herunder dei kommunale føretaka, eller deltakinga er vedteke av desse. Det kan såleis ikkje utbetalast meir enn ein sats for kvar kalenderdag.

4.2 Kven får vederlag

Vederlag kan gjevast til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsvervet, t.d husmødre, studentar og pensjonistar.

Folkevalde som ikkje er i ordinært løna arbeid må i kvart einskild høve utgreie for grunnen til at det føreligg eit økonomisk tap.

Rådmannen avgjer i kvart tilfelle om det ligg føre faktisk inntektstap.

4.3 Kva skal vederlaget dekke.

Satsane i regulativet skal dekke tapt inntekt og feriepengar. Pensjonspremie skal ikkje dekkast.

Dersom arbeidsgjevaren ikkje trekker i løna, kan det avtalast at vederlaget skal utbetalast til arbeidsgjevaren som då må fremje refusjonskrav overfor kommunen. I slike tilfeller kjem arbeidsgjevaravgifta i tillegg til satsane.

Folkevalde med omsorgsansvar får etter rekning dekkja dokumenterte utgifter til naudsynt tilsyn. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra/gjort det

vanskeleg for den folkevalde å delta på møtet.

4.4 Grunnlaget.

Som grunnlag for møtestart og møteslutt og utrekning av timar etter pkt 3.1 og 4.5. vert møteboka lagt til grunn.

4.5 Differansiert vederlag

For å få fullt vederlag krevst at fråværet har vara i minst 7 timar mellom kl 0800 og Kl 1600. For kortare fråver vert vederlaget utrekna høvesvis etter timetalet avrunda. oppover til næraste heile time. Rådmannen avgjer i kvart tilfelle om det foreligg eit faktisk inntektstap.

For bystyremøter og andre møter med start kl. 16.00 og seinare vert det ikkje betalt for tapt arbeidsinntekt med mindre det kan dokumenterast.

4.6 Sjølvstendig næringsdrivande

Ein sjølvstendig næringsdrivande er ein som driv verksemd for eiga rekning og risiko (ein som eig eit AS er ikkje sjølvstendig næringsdrivande, men lønsmottakar).

Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med normal timesats for den næringsdrivande si forretningsverksemd multiplisert med antal timar fråværet har vart. Næringsdrivande som driv verksemd basert på timebestilling har rett på dekning for det antal timar som møtet vert rekna å ville vare, sjølv om møtet faktisk varer i kortare tid.

Som alternativ kan den det gjeld ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra. I særskilte høve kan det søkjast formannskapet om å få dekkja dokumentert tap utover legitimert maks sats.

Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget.

Krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt skal sendast den som representerer rådmannen i utvalet innan 3 mndr etter at møtet er halde.

5. SKYSSGODTGJERSLE

5.1 Faktiske reiseutgifter i samband med utøving av kommunale verv vert dekte etter rekning med satsar i samsvar med staten sitt reiseregulativ. Den som representerer rådmannen i utvalet godkjenner bruk av eigen bil/båt.

Utgangspunkt og returpunkt for reise skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studieadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Formannskapet kan i særskilde tilhøve gje dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt.

Tidspunkt for reise til og frå møte skal leggjast så tett opp til møtedato som mogleg. Eks: Ved møte dag tysdag er reise til møte tidlegast fredag. Dette av hensyn til deltaking i eventuelle gruppemøter. Returdato vert rekna til dagen etter siste avvikla møte. Krav om vederlag for tapt inntekt kan berre krevjast for møtedato.

Faktiske legitimerede overnattingsutgifter vert dekt etter rekning. Kvittering frå hotell/pensjonat må ligge med.

Krav om dekking av reiseutgifter skal sendast den som representerer rådmannen i i utvalet innan 3 månad etter at møtet er halde.

Krav om dekking av reiseutgifter for slutten av kalenderåret må sendast inn så tidleg som mogleg slik at slik at desse kan komme til utbetaling i siste lønnsutbetaling for året.

5.2 Regulering av godtgjerslene og vederlaga

Godtgjerslene og vederlaga som er fastsette i dette regulativ skal regulerast med 1 januar som verknadsdato.

6 Andre tilhøve

Kommunen har rapporteringsplikt til offentleg instans i høve rapportering av refusjonar/ytelsar den einsskilde får utbetalt.

Det er verdt å merke seg følgjande:

Reise til og frå politiske møter er i utgangspunktet å rekne som arbeidsreise, men fordel i form av arbeidsgjevar sin dekning vert ikkje å rekne som skattepliktig inntekt når skattyter skjøtter politiske verv. Betingelsen for skatte- og avgiftsfritak er at samla løn og honorar vedr dette ikkje overstig kr 45.000.(sats for 2011/2012). Dersom denne grensa vert overstige vert *heile godtgjeringa* til dekning av reise å handsame som løn. Jfr. FSFIN § 5-15-6(9) og (10), og Lignings ABC pkt 10.3 > unntak, arbeid for veldedige organisasjonar

072/13 OPPFØLGINGSLISTE 8-2013 FLORA

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	24.09.2013	072/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 8-2013 Flora.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 8-2013 Flora vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 8-2013 FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 17.09 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 8-2013 – Flora.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune – eigarskapsstrategi.	31.08		31.08.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektivere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune. 05.09 .12Brev frå sekom til Florar kommune. 12.10.12 Purring på svar på brev av 05.09.12 01.11.12 Svar frå kommunen om at arbeidet startar etter budsjettarb.
73/12 Oppfølging av bystyret sine merknader til rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.	25.10.12		25.10.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet tek info om at arb med eigarskapsmelding vil bli sett i gong straks etter at budsjettarbeidet er ferdig. 01.11.12 E-post frå Flora kommune som stadfestar info ovanfor.
78/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016.	30.11.12		30.11.12 Tilråding til kst. 30.11.12 s/bst.
013/13 Nettbrett - kontrollutvalet	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett på lik line med andre politiske utval. - Kontrollutvalet ber om å få naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett. 04.03.13 s e-post til Flora kommune. 23.05.13 s. epost til Flora kommune.
017/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.	19.03.13		19.03.13 Tilråding til bst. 25.03.13 s. Flora kommune.
026/13 Val av eining for møte 13.05.13	19.04.13		19.04.13 Vedtak KU Møtet i KU 30.08.13 vert lagt til Furuhaugane omsorgssenter.
030/13 Skriv og meldingar	13.05.13		13.05.13Vedtak KU – Ad SM 31-13: - Kontrollutvalet ber om å få tilbakemelding når arbeidet med utrekningane av tilskot til dei private barnehagane er ferdige. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.
033/13 Rolla til kontrollutvalet.	13.05.13		14.05.13 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om å få orientere om rolla til kontrollutvalet i bystyremøtet 17. september 2013. - Jan Fritjof Bernt vert førespurt om han kan stille som føredragshaldar.

			<ul style="list-style-type: none"> - Sekretariatet tek kontakt med ordførar og føredragshaldar for å gjere avtalar. - Kontrollutvalet ber om at bystyremøtet vert starta tidlegare enn i utgangspunktet planlagt. <p>04.07.13 E-post til DL – ikkje effektuert</p>
034/13 Oppfølging av bystyrevedtak.	13.05.13		<p>14.05.13 Vedtak KU:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet vurderer å innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak. - Kontrollutvalet ynskjer også oversikt over vakante stillingar. - Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale i saka. - Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka. <p>16.05.13 Brev til Flora kommune. 16.05.13 Brev til Jacob Nødseth 16.05.13 Epost frå rdm. 16.05.13 Epost frå Jacob Nødseth 16.05.13 Epost til Jacob Nødseth 22.05.13 Epost til Jacob Nødseth 22.05.13 Epost frå Jacob Nødseth 23.05.13 Epost til Flora kommune. 23.05.13 Epost frå Flora kommune 23.05.13 Epostar frå Jacob Nødseth 23.05.13 Epostar til Jacob Nødseth</p>
035/13 Oppfølgingsliste 5-2013 Flora	13.05.13		<p>13.05.13 Vedtak KU –</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet purrar saka om lese Brett. <p>Oppfølgingsliste 5-2013 Flora vert elles teken til vitande.</p>
041/13 Oversikt vakante stillingar i Flora kommune	27.05.13		<p>27.05.13 Vedtak KU – Saka vert utsett.</p>
046/13 Oppfølging av bystyrevedtak	04.06.13		<p>04.06.13 Vedtak KU – Saka vert utsett.</p>
047/13 Oversikt vakante stillingar i Flora kommune	04.06.13		<p>04.06.13 Vedtak KU – Saka vert utsett.</p>
051/13 Drøfting av rutinar i kontrollutvalet	19.06.13		<p>19.06.13 Vedtak KU</p> <ul style="list-style-type: none"> - Saka vart drøfta. <p>20.06.13 Epost frå J Nødseth 20.06.13 Epostar til J Nødseth 24.06.13 Epost til Flora kommune vedr bst m</p>
052/13 Godkjenning av innkalling og sakliste	30.08.13		<p>30.08.13 vedtak i KU: Innkalling og sakliste vart godkjent.</p>
053/13 Skriv og meldingar	30.08.13		<p>30.08.13 vedtak i KU:</p> <p>Ad SM 45-13:- Kontrollutvalet diskuterte det vedlagte brevet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet avventar vedtak i klageutvalet. - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om saka i neste kontrollutvalsmøte. - Resten av skriv og meldingar vert tekne til vitande. <p>04.09.13 Sendt brev til Flora kommune – «Orientering om brev frå leiar i klagenemda»..</p>

054/13 Oppfølging av bystyrevedtak	30.08.13		30.08.13 vedtak i KU: - Saka vert utsett til neste møte. - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen i saka til neste møte i kontrollutvalet.
055/13 Oversikt vakante stillingar	30.08.13		30.08.13 vedtak i KU: Kontrollutvalet tek orientering om vakante stillingar til vitande.
056/13 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr. 78531 Miljøhuset.	30.08.13		30.08.13 vedtak i KU: - Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 05.08.2013. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 03.09.13 Sendt uttale frå kontrollutvalet til formannskap og Bystyret.
057/13 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr. 78662 Rassikring Eikefjord skule.	30.08.13		30.08.13 vedtak i KU: Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 05.08.2013. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 03.09.13 Sendt uttale frå kontrollutvalet til formannskap og Bystyret.
058/13 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr. 79556 Hjullastar	30.08.13		30.08.13 vedtak i KU: Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 05.08.2013. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 03.09.13 Sendt uttale frå kontrollutvalet til formannskap og Bystyret.
059/13 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr. Barnehageutbygging Havrenes/Storevatn.	30.08.13		30.08.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 05.08.2013. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 03.09.13 Sendt uttale frå kontrollutvalet til formannskap og Bystyret.
060/13 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	30.08.13		30.08.13 vedtak i KU: Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet "Sakshandsaming, vedtak og svargjeving", med fokus på open omsorg. SEKOM-sekretariat får i oppgåve å utforme tinging av prosjektet til neste møte i kontrollutvalet. 03.09.13 Sendt uttale frå kontrollutvalet til formannskap og Bystyret.
061/13 Oppfølgingsliste 7-2013 Flora	30.08.13		30.08.13 vedtak i KU: Oppfølgingsliste 7-2013 Flora vert teken til vitande.
062/13 Eventuelt	30.08.13		30.08.13 vedtak i KU: - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om konkurranseutsetting av renovasjonstjenestene i

			<p>Flora kommune.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet med utrekningane av tilskot til dei private barnehagane. - Kontrollutval og leders rolle blei drøfta i utvalget. - Brev til bystyret. <p>Representantane Eva Richter, Ingvar Torsvik Myrvollen, Berit Hovland og Bjørg Mikalsen la fram brev "Informasjon til Flora Bystyre etter møte 25. Juni 2013" som dei ynskte skulle sendast over til Bystyret. Det vart oppretta eiga sak dette.</p> <p>04.09.13 Sendet brev til rådmannen – «Orientering – status i arbeidet med utrekning av tilskot til private barnehagar».</p> <p>04.09.13 Sendet brev til rådmannen – «Orientering om konkurranseutsetting av renovasjonstenestene.</p>
063/13 Brev til Flora Bystyre – Informasjon til Flora Bystyre etter møte 25. juni 2013.	30.08.13		<p>30.08.13 vedtak i KU:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet vedtek å sende brev "Informasjon til Flora Bystyre etter møte 25. Juni 2013", datert 30.08.2013 over til bystyret. <p>03.09.13 Sendt brev til bystyret.</p>

Oppdatert 17.09.13

073/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 17.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.09.2013	073/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.